



Kinn kommune

Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Eikefjord barne- og ungdomsskule
Dato:	05.05.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 15:15

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Ola Teigen	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Anett Berg	Kinn FrP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Mats Brunsvik	Kinn FrP
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Anita Eikevik	Kinn SP
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP
Daniel Erik Adrian	Kinn Rødt	Hege Chatrine	Kinn Rødt
Henriksson		Brandsøy	

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Ola Teigen	053/26	,	Jf forvaltningslova § 6 e) 1. ledd.
Ola Teigen	054/26	,	Jf forvaltningslova § 6.2.

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør
Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef samfunn, kultur og miljø
Frøde Ellingsund, teknisk sjef
Linda A. Myhre Larsen, stabsleiar Informasjon og service
Henrik Ulriksen, spesialkonsulent

Synfaringar:

Nesjane industriområde
Eikefjord barne- og ungdomsskule

Bengt Solheim-Olsen
Ordfører

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
046/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
047/26	Godkjenning av møteprotokoll
048/26	Orienteringar
049/26	Spørsmål
002/26	Spørsmål - Kostnadar med brannstasjonen i Florø
003/26	Spørsmål - Driftsutfordringar i Florøhallen
050/26	Refererte skriv og meldingar
051/26	Gjøa Subsea Projects - Gjennomført konsekvensutgreiing
052/26	Forsøksordning generell 30 km/t i Måløy - uttale til skiltplan
053/26	Leigeavtale mellom Stiftinga Havglytt og Kinn kommune
054/26	Søknad om stiftingskapital - Norsk Hjortesenter

046/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

FORM- 046/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

047/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

FORM- 047/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

048/26: Orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Orienteringar:

Synfaring Nesjane

Omvisning og orientering frå Eikefjord barne- ungdomsskule

-v/ rektor Arlene Vågene og

-v/ elevrådsleiar Herborg Humlestøl-Titlestad

Kva rører seg i Eikefjord v/Per Øyvind Sørbø

Parkering Måløy

FORM- 048/26 Vedtak:

049/26: Spørsmål

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Framdrift Refvik camping:

Spm frå Raudt v/repr. Brandsøy.

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen orienterte om at det er anbudsopning i dag og utbygging vil skje til hausten. Ein arbeider for å få til ei mellombels ordning i sommar og det vert arbeidd med å få på plass ei langsiktig driftsavtale med grunneigarlaget.

Planlagt vegstenging Steindalsvegen:

Spm frå SV v/repr. Olafsson:

Når det gjeld planlagt vegstenging i 3 veker ved Steindalsvegen, korleis er planlegginga mot innbyggere, brann - og ullykkesbereskap, henting av melk, leveranse av for m.m.

Ordførarar har informasjon som vil bli sendt til formannskapet.

Fylkesvegen i Sandvika:

Spørsmål v/AP v/repr. Teigen:

Ordførar vil søke informasjon.

Parkering Skram skule:

Spørsmål frå FrP v/repr. Djuvik om administrasjonen jobbar med innkomne innspel vedr. parkering v/Skram skule.

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen orienterte om at dette kjem i samband med politiske møter i juni.

FORM- 049/26 Vedtak:

Ingen vedtak.

002/26: Spørsmål - Kostnader med brannstasjonen i Florø

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Spørsmål v/Venstre v/repr. Nødseth:

Kostnader med brannstasjon i Florø

Ber om å få en oversikt over påløpte kostnader ved prosjektet ny brannstasjon i Florø før selve byggestarten. Eksempelvis utfylling, juridiske kostnader mv.

Svar frå ordførar Bengt Solheim-Olsen:

Følgende tall fremgår av regnskapet pr. mars:

Samlet totalt påløpt fra januar 2021 til mars 2026 er **NOK 28.499.983,-**

- Interne lønnskostnader(Inkl. arb. Avgift, KLP etc) gjennom hele perioden (Prosjektledelse, prosjektgruppe, drift involvering etc.) **NOK 9.653.000,-**
- Prosjektbeskrivelse arkitekt og rådgiver og bistand inkl KOFA behandling av «forrige» prosjekt **NOK 2.046.000,-**
- Ekstern bistand ifm utredning og mulighetsskisse for «samfunnshusløsningen» **NOK 206.000,-**
- Juridisk bistand ifm KOFA behandlingen **NOK 842.000,-**
- Juridisk bistand ifm ny utlysning og endelig kontraktssignering **NOK 117.000,-**
- Riving av eksisterende bygninger **NOK 972.000,-**
- Arkitektbistand ifm dagens prosjekt **NOK 2.835.000,-**
- Prosjektering ifm dagens prosjekt **NOK 2.304.000 -**
- Utfylling(planering av tomt inklusiv plastring mot sjø **NOK 8.425.000,-**
- Byggelånsrenter **NOK 385.700,-**
- Meirverdiavgift med rett til kompensasjon **NOK 4.036.482,-**
- Andre diverse kostnader **NOK 1.027.801,-**

FORM- 002/26 Vedtak:

003/26: Spørsmål - Driftsutfordringer i Florøhallen

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Spørsmål v/Venstre v/repr. Nødseth:

Det blir meg fortalt at det er utfordringar med drift av bygningsmassen i Florøhallen. Kan formannskapet få ei orientering om kva som er status her og kva konsekvensar problema har fått dersom desse er reelle? Det blir påstått problem med alt frå hærverk til skadedyr. Om dette stemmer så framstår det som nødvendig for formannskapet å ev. iverksette tiltak.

Svar frå ordførar Bengt Solheim-Olsen:

Florøhallen er ein hall frå 70 tallet. Den har tent Florø, og idretten i Florø i 50 år. Kommunestyret har i økonomiplanen sett av midlar til oppgradering og smarte investeringar i formålsbygg. Kommunestyret bestilte, og fekk utarbeid ein rapport over forsømt vedlikehald av kommunale formålsbygg i 2023. Tilsaman har kommunen omlag 110 000 kvm formålsbygg. Kva for tiltak som blir gjennomført innanfor den avsette ramma, har utgangspunkt i denne rapporten.

Florahallen, i likskap med mange andre kommunale bygg, har heilt klart behov for oppgradering. I Florahallen gjeld dette mellom anna ENØK, garderobar, tak mm. Administrasjonen har tidlegare i vår starta eit arbeid med å lage ein oversikt som vise konkret behov for oppgradering av hallen. Ein del av arbeidet er å sjå på aktuelle tilskotsordningar som spelemildar, Evova støtte mm. Gjennomføring av tiltak er elles tenkt finansiert av midlar som er sett av til oppgradering og smarte investeringar innanfor formålsbygg.

Rehabilitering av bygget vil uansett først vere fullført om eit par år. Det er viktig å fortsette den løpande drifta av hallen. Ungdomskulen bruke bygget på dagtid, idretten bruke den på kveldstid og i helgar. Det betyr at det er mange brukarar og aktørar inne i bygget i løpet av ei veke.

Det er riktig at det i periodar har vore utfordringar med hærverk og mindre bra oppførsel i hallen. Dette har blitt langt betre den siste tida. Ingen av dei kommunale idrettsbygga har stedlege vaktmeister/vakt. Dette betyr at brukar har ansvar for brukarane og bygget. I tillegg har kommunen hatt ei vaktordning, dei siste åra, med vakt på kveldstid. Denne vakta har ambulert mellom kulturhuset, Florahallen og idrettsentret. Denne ordninga er no under evaluering. I Florahallen heller det mot at eit tettare samarbeid mellom kommunen og idretten kan vere eit godt alternativ.

Det blir halde brukarmøte for å koordinere bruk og drift av hallen. Desse er viktig for å få den daglege drifta til å fungere bra. Her blir store og små utfordringar tatt opp, og ansvar for oppfølging fordelt.

Eit viktig tiltak, som er innført, er nytt nøkkelsystem. Dette gjer oversikt over kven som har tilgang til bygget, og kven som har hatt ansvar til ei kvar tid. Dette er eit avgjerande tiltak for å ha kontroll på bruken av bygget.

Eg tenker ikkje det er naudsynt at formannskapet gjer konkrete vedtak no. Den jobben som er starta opp med å lage ein plan med rehabilitering av bygget blir viktig for oss å følgje med på.

FORM- 003/26 Vedtak:

050/26: Refererte skriv og meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Ref.sak 021/26 v/SP v/repr. Anta Eikevik:

Skal Kinn kommune spele inn noko her? Kva med Eikefjord, Stavang, Deknepollen v/kjøpesenter. Kva med tyngre kjøretøy?

Gjeld midlar som ulike aktørar kan søkje på. Administrasjonen sender informasjonen vidare til ulike bygdelag.

Ref.sak 019/26 v/AP v/repr. Ola Teigen:

Fjordane interkommunale politiske råd, har engasjert seg i sitt forhold til Helse Førde, pkt. 8 under orienteringssaker, i uttale til Helse Førde ber arbeidsutvalet at dei ser på finansiering av dei prehospitale tenestene. Vi har i dag ikkje samme ornganisering som helseføretaka. Fint at FIPR tek initiativ til dette.

Kva tenkjer utvalet i uttalen? Ordførar sjekker opp kva som er gjort i ettertid.

Partnerskapsmøtet 19. mai kolliderer med kommunestyremøtet vårt, må sende nokon til dette møtet.

Ref.sak 020/26 v/kommunedirektør:

Kommunediektør Øyvind Bang-Olsen orienterte om at når det gjeld leiligheitskompleks og bygget der krisesenteret er, vert det no høgare renter og utgifter som stig. Skal vere møte med alle kommunedirektørar komande veke, og det kan bli ei dramtatisk endring av drifta.

Venstre v/repr. Nødseth kommenterte at politikken må koplast på dersom ein ikke finn pengar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

FORM- 050/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

051/26: Gjøa Subsea Projects - Gjennomført konsekvensutgreiing

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune ser positivt på Vår Energi sitt leiteprogram og realisering av petroleumsressursar kring eksisterande infrastruktur i Nordsjøen. Selskapet følger såleis opp nasjonale mål nedfelt i St. melding 11 (2021-22).
2. Konsekvensutgreiinga Gjøa Undervassprosjekt (GSP) vurderer at dei negative verknadene av prosjektet til å vere avgrensa og handterbare, medan dei økonomiske og ressursmessige føremoner er store.

Utgreiinga viser:

- i. betre utnytting av eksisterande infrastruktur
- ii. relativt lågt karbonavtrykk (delvis kraft frå land)
- iii. store samfunnsøkonomiske gevinstar

iv. forlenga levetid for Gjøa som vertsfelt

3. Gjøafeltet er svært viktig for petroleumsverksemda i vår region. Forsynings- og logistikktenester til feltet skal vere Florø (Gjøa, Vega og Vega Sør : St.prp. nr. 64 (2006-2007), Innst. S. nr. 278 (2006-2007)).
4. Det er positivt at konsekvensutgreiinga stadfestar at Florø fungerer som Gjøafeltet sin forsynings- og logistikkbase. Vi legg til grunn at dette vil gjelde både boring, utbygging og drift når feltet no blir utvida og levetida forlenga.
5. Florø ligg nærast feltet. Her er det over tid utvikla areal, kompetanse og annan infrastruktur slik at industrien leverer komplette og konkurransedyktige tenester. Helikoptertransport til plattformene er også ein viktig del av det samla tenesteomfanget hos oss. Dette tilseier at av omsyn til økonomi, miljø og tryggleik skal aktivitet offshore syne att i aktivitet på land.
6. Kinn kommune støttar at utbygginga vert gjennomført i samsvar med utgreiinga og ser fram til at kommunen sine forventingar vert innarbeidd i vedtak for produksjon og utbygging (PUD)

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot 2 røyster, Raudt v/Brandsøy og SV v/Olafsson.

FORM- 051/26 Vedtak:

1. Kinn kommune ser positivt på Vår Energi sitt leiteprogram og realisering av petroleumsressursar kring eksisterande infrastruktur i Nordsjøen. Selskapet følger såleis opp nasjonale mål nedfelt i St. melding 11 (2021-22).
2. Konsekvensutgreiinga Gjøa Undervassprosjekt (GSP) vurderer at dei negative verknadene av prosjektet til å vere avgrensa og handterbare, medan dei økonomiske og ressursmessige føremoner er store.

Utgreiinga viser:

- i. betre utnytting av eksisterande infrastruktur
 - ii. relativt lågt karbonavtrykk (delvis kraft frå land)
 - iii. store samfunnsøkonomiske gevinstar
 - iv. forlenga levetid for Gjøa som vertsfelt
3. Gjøafeltet er svært viktig for petroleumsverksemda i vår region. Forsynings- og logistikktenester til feltet skal vere Florø (Gjøa, Vega og Vega Sør : St.prp. nr. 64 (2006-2007), Innst. S. nr. 278

(2006-2007).

4. Det er positivt at konsekvensutgreiinga stadfester at Florø fungerer som Gjøafeltet sin forsynings- og logistikkbase. Vi legg til grunn at dette vil gjelde både boring, utbygging og drift når feltet no blir utvida og levetida forlenga.
5. Florø ligg nærast feltet. Her er det over tid utvikla areal, kompetanse og annan infrastruktur slik at industrien leverer komplette og konkurransedyktige tenester. Helikoptertransport til plattformene er også ein viktig del av det samla tenestefanget hos oss. Dette tilseier at av omsyn til økonomi, miljø og tryggleik skal aktivitet offshore syne att i aktivitet på land.
6. Kinn kommune støttar at utbygginga vert gjennomført i samsvar med utgreiinga og ser fram til at kommunen sine forventningar vert innarbeidd i vedtak for produksjon og utbygging (PUD)

052/26: Forsøksordning generell 30 km/t i Måløy - uttale til skiltplan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet støttar skiltplan for Måløy sentrum slik den ligg føre

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Alternativt framlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Kinn kommune syner til Vestland fylkeskommune sitt framlegg til skiltplan for forsøksordning med generell fartsgrense 30 km/t i Måløy sentrum.

Formannskapet deler målet om god trafikktryggleik i Måløy sentrum. Trygge sentrumsgater, gode kryssingspunkt og gode forhold for mjuke trafikantar er viktig. Likevel går Kinn kommune imot innføring av generell 30 km/t-sone slik framlegget no ligg føre.

Den viktigaste grunnen er at behovet for tiltaket er svært mangelfullt vurdert. Saka peikar ikkje på konkrete ulykkespunkt, dokumenterte problemområde, særlege konfliktpunkt mellom mjuke trafikantar og køyretøy, eller andre lokale forhold som tilseier at eit så stort område i Måløy bør få generell fartsgrense 30 km/t. Det er heller ikkje lagt fram ei tydeleg vurdering av faktisk fartsnivå, trafikkmengde, ulukkehistorikk eller kva delar av sentrum som eventuelt har størst risiko.

Formannskapet meiner at trafikktrygging må vere målretta. Der det finst konkrete utfordringar, til dømes ved uoversiktlege kryss, mykje fotgjengartrafikk, skular, barnehagar, gangfelt eller andre utsette punkt, kan lågare fart og fysiske tiltak vere både rett og nødvendig. Men dette er noko anna enn å innføre ei generell 30-grense for eit større sentrumsområde utan at behovet er konkret dokumentert.

Måløy sentrum har fleire funksjonar enn mange reine sentrumsgater. Rv. 15 går gjennom byen, og vegnettet er viktig for lokaltrafikk, næringstransport, kollektivtrafikk, hamneaktivitet, varelevering, ferjetrafikk og besøkstrafikk. Ei generell senking av fartsgrensa kan få konsekvensar for framkomst

og trafikkavvikling, utan at dette er tilstrekkeleg drøfta i saka.

Formannskapet meiner og at ei generell regulering over eit stort område kan svekkje respekten for fartsgrensene dersom trafikantane ikkje opplever reguleringa som logisk og knytt til reelle risikopunkt. Trafikktryggleik vert best oppnådd gjennom tiltak som er forståelege, godt grunngjevne og tilpassa lokale forhold.

Formannskapet vil derfor be Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen om å arbeide vidare med meir målretta trafikktryggingstiltak i Måløy sentrum. Dette bør byggje på ei konkret kartlegging av ulykkespunkt, risikoområde, faktisk fartsnivå, trafikkmengder og konfliktpunkt mellom ulike trafikantgrupper.

På denne bakgrunnen går Kinn formannskap imot framlegget om generell fartsgrense 30 km/t i Måløy slik skiltplanen no ligg føre.

Røysting:

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik vedtatt mot 4 røyster, SV v/Olafsson, V v/Nødseth, AP v/Teigen og Standal.

FORM- 052/26 Vedtak:

Kinn kommune syner til Vestland fylkeskommune sitt framlegg til skiltplan for forsøksordning med generell fartsgrense 30 km/t i Måløy sentrum.

Formannskapet deler målet om god trafikktryggleik i Måløy sentrum. Trygge sentrumsgater, gode kryssingspunkt og gode forhold for mjuke trafikantar er viktig. Likevel går Kinn kommune imot innføring av generell 30 km/t-sone slik framlegget no ligg føre.

Den viktigaste grunnen er at behovet for tiltaket er svært mangelfullt vurdert. Saka peikar ikkje på konkrete ulykkespunkt, dokumenterte problemområde, særlege konfliktpunkt mellom mjuke trafikantar og køyretøy, eller andre lokale forhold som tilseier at eit så stort område i Måløy bør få generell fartsgrense 30 km/t. Det er heller ikkje lagt fram ei tydeleg vurdering av faktisk fartsnivå, trafikkmengde, ulukkehistorikk eller kva delar av sentrum som eventuelt har størst risiko.

Formannskapet meiner at trafikktrygging må vere målretta. Der det finst konkrete utfordringar, til dømes ved uoversiktlege kryss, mykje fotgjengartrafikk, skular, barnehagar, gangfelt eller andre utsette punkt, kan lågare fart og fysiske tiltak vere både rett og nødvendig. Men dette er noko anna enn å innføre ei generell 30-grense for eit større sentrumsområde utan at behovet er konkret dokumentert.

Måløy sentrum har fleire funksjonar enn mange reine sentrumsgater. Rv. 15 går gjennom byen, og vegnettet er viktig for lokaltrafikk, næringstransport, kollektivtrafikk, hamneaktivitet, varelevering, ferjetrafikk og besøkstrafikk. Ei generell senking av fartsgrensa kan få konsekvensar for framkomst og trafikkavvikling, utan at dette er tilstrekkeleg drøfta i saka.

Formannskapet meiner og at ei generell regulering over eit stort område kan svekkje respekten for fartsgrensene dersom trafikantane ikkje opplever reguleringa som logisk og knytt til reelle risikopunkt. Trafikktryggleik vert best oppnådd gjennom tiltak som er forståelege, godt grunngjevne og tilpassa lokale forhold.

Formannskapet vil derfor be Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen om å arbeide vidare med meir målretta trafikktryggingstiltak i Måløy sentrum. Dette bør byggje på ei konkret kartlegging av ulykkespunkt, risikoområde, faktisk fartsnivå, trafikkmengder og konfliktpunkt mellom ulike trafikantgrupper.

På denne bakgrunnen går Kinn formannskap imot framlegget om generell fartsgrense 30 km/t i Måløy slik skiltplanen no ligg føre.

053/26: Leigeavtale mellom Stiftinga Havglytt og Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner leigeavtale mellom Kinn kommune og Stiftelsen Flora Aldersenter Havglytt slik den ligg føre.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Ola Teigen		Jf forvaltningslova § 6 e) 1. ledd.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

AP v/repr. Teigen ønskte vurdert eigen habilitet då Origod der Teigen er dagelg leiar, nyttar lokalene og har leigeavtale på med Stiftinga Havglytt og Kinn kommune.

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen orienterte.

Repr. Teigen vart samrøystes erklært innhabil jf forvaltningslova § 6 e) 1. ledd.

Røysting:

Framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 053/26 Vedtak:

Formannskapet godkjenner leigeavtale mellom Kinn kommune og Stiftelsen Flora Aldersenter Havglytt slik den ligg føre.

054/26: Søknad om stiftingskapital - Norsk Hjortesenter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune støtter søknaden frå Stiftinga Norsk Hjortesenter om å gå inn som innskytar i stiftinga, med kr. 200 000.

Tiltaket blir finansiert frå det kommunale viltfondet.

Ugilde	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Ola Teigen		Jf forvaltningslova § 6.2.

Behandling i Formannskapet 05.05.2026:

Tillegg, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Kinn kommune ber om at kommunen får vedtektsfesta rett til å kunne peike ut eit medlem av styret slik Svanøy Stiftelse har vedtektsfesta rett til å peike ut inntil to styremedlemmar.

AP v/repr. Teigen ønskte vurdert eigen habilitet då han er styreleiar i Svanøy Stiftelse.

Kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen orienterte.

Repr. Teigen var samrøystes erklært innhabil jf forvaltningslova § 6.2.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og tilleggsframlegg frå V v/repr. Nødseth samrøystes vedtatt.

FORM- 054/26 Vedtak:

Kinn kommune støtter søknaden frå Stiftinga Norsk Hjortesenter om å gå inn som innskytar i stiftinga, med kr. 200 000.

Tiltaket blir finansiert frå det kommunale viltfondet.

Kinn kommune ber om at kommunen får vedtektsfesta rett til å kunne peike ut eit medlem av styret slik Svanøy Stiftelse har vedtektsfesta rett til å peike ut inntil to styremedlemmar.